

– Dei makta berre ikkje å seia ifrå:

Kollegaene takka Wenche

ÅRDAL: – Om me er komne noko lenger? Nei, me har vel snarare berre køyrt oss litt fast.

HANNE STEDJE
hanne@sognavis.no

– Eg har aldri fått spørsmål eller reaksjonar frå kyrkjelyden på at det har vore kvinneleg prest. Det er kanskje meir prestar i mellom at det finst nokre som kan meina noko om det.

Slik svara Wenche Lie Lysne (59) på spørsmålet frå Sogn Avis då ho i samband med kvinne- dagen i fjor inviterte til messe for verdigheit i Årdal kyrkje.

– Det heng ikkje saman

Den gongen var ho den einaste kvinnelege soknepresten i heile Sogn prosti og undra seg over at slike haldningar kunne fin- nast i 2020.

Den gongen var folk flest meir eller mindre ukjend med omgrepet «kvinneprestmot- standar».

Folk flest reflekterte truleg lite over at fanatiske tolkingar av Bibelen i aller høgste grad sette sitt preg på det arbeids- miljøet i Sogn prosti, der kolle- giet i løpet av våren talde 11 pre- star.

Wenche Lie Lysne utbroderte heller ikkje svaret sitt, og svara heilt generelt på oppfølgings- spørsmålet om ho hadde opp- levd negative reaksjonar frå kollegaer.

– Me snakkar mykje om like- verd og nestekjærleik i kyrkja der kan eg ikkje sjå at det ligg noko om at den eine er betre enn den andre. Difor er det så underleg at nokon tek på seg ei- nerett på tolkingane av Bibelen, sa ho.

Messa i samband med kvin- nedagen var ein gudsteneste der teksten handla om kva som ligg i omgrepet verdigheit.

– Eg tenkjer at verdigheit er eit passande ord å bruka i den- ne samanhengen. Det er noko med at ein skal behandla folk på ein slik måte at dei skal kjen- na seg verdige. Eg tenkjer også på veksilverknaden i omgre- pet. Er det verdig det me held på med når me kranglar om kjønns frå preikestolen? Skal me vera prestar og formidla neste- kjærleik på den eine sida - for så i neste omgang å støyta folk frå seg? Det heng ikkje saman, sei- er ho i dag.

Aksepterer ikkje kvinnelege kollegaer

I helga inviterte ho på nytt til gudsteneste med dette som tema. Det har skjedd ein del si- dan sist.

– Der ein kanskje stilte seg spørsmål i mars 2020 om det var trong for ei slik markering av kvinne- dagen i kyrkja og i

samfunnet elles, har ettertida vel synt at det er det så abso- lutt, er konklusjonen. Det ho ikkje sa den gongen, men som i ettertida er lett å lesa mellom linjene, var at ho opplevde det som vanskeleg at einskilte kol- legaer ikkje ville akseptera at ei kvinne kan vera prest i Den Norske kyrkja.

Verken ho eller andre kvinne- lege kollegaer snakka høgt om det i offentleg samanheng, i alle høve ikkje i Bjørgvin bispedø- me.

Det er eitt av dei bispedøma som har færrest kvinnelege prestar av dei alle med under 30 prosent.

Det var ikkje før kvinneprest- motstandarane sjølve trødde fram og kom med klar melding at det vart eit tema i landsdek- kjande media. Sokneprest Mi- kael Bruun skreiv det i eit de- battinnlegg i Vårt Land, og un- derstreka det seinare i debatt direkte på Dagsnytt 18.

Han meiner kvinner ikkje kan gjera teneste som prestar og vil såleis ikkje ta imot natt- verd frå kvinnelege kollegaer eller forretta gudsteneste sa- man med dei.

Massiv støtte

I mange år hadde Wenche og hennar kvinnelege kollegaer vore lågmælte om det. Først då dei fekk direkte spørsmål om å kommentera utspelet, kom det fram korleis kvinnelege prestar opplever eit arbeidsmiljø der fleire av dei mannlege kollega- ene ikkje reknar dei som full- verdige prestar.

Like fullt vart det dei fortalde avfeidd av den næraste leiaren deira, prost Geir Paulsen, som meinte det ikkje kunne vera til- felle, all den tid dei ikkje hadde sagt noko om dette før.

For dei kvinnelege prestane var det neppe noko overras- king. Dei har levd med det i åre- vis. Derimot let ikkje reaksjo- nane frå folk venta på seg - både over at folk i 2020 har slike haldningar og det at kvinner møter slike utfordringar på ein arbeidsplass.

– Det å seia noko om det had- de ein effekt fordi ein opplever støtte blant kyrkjelyden. Eg fekk også meldingar frå andre kvinnelege prestar i andre bi- spedøme som opplever det same, men som ikkje orka å seia ifrå, fortel sokneprest Lie Lys- ne.

– Men det kosta også litt. Det handlar jo om å omtala kollega- er som ein skal leva vidare og samarbeida med. Det er ikkje noko som skapar god stemning, akkurat. Men det var no ikkje me som byrja heller, for å seia det sånn.

Wenche Lie Lysne er utdanna sjukepleiar og har mange år bak seg i helsevesenet, også i lei- arstillingar, før ho byrja på teolo- gistudiet. Det er snart fem år si-



VIKTIG DAG: – Ettertida har vist oss at me treng slike markeringar som 8.mars, både i kyrkja og i samfunnet elles, seier sokneprest Wenche Lie Lysne. Støyen rundt kvinneprestmotstanden i Sogn prosti vekte sterke reaksjonar i kyrkjelydane.

FOTO: HANNE STEDJE

dan ho vart ordinert til prest av biskop Halvor Nordhaug.

– Provoserande

– Det er blir spesielt når ein har eit anna yrkesliv bak seg eller har ein annan bakgrunn der dette med kollegasamarbeid er sterkt i fokus - ikkje minst dersom ein har leiarerfaring og skal syta for at nyttilsette vert godt mottekne og varetekne på ein arbeidsplass. Og dersom ein kvinneleg prest skal bli møtt med at det er kollegaer som ikkje vil samarbeida med ein på bakgrunn av kjønns, ja då er det veldig spesielt, seier Lie Lysne i dag.

Ho tenkjer spesielt på dei to sist tilsette prestane i Sogn prosti, Karen Melhus i Vik og Katri- ne Valle i Luster.

– Dei fekk ein nokså spesiell velkomst med tanke på at dei vart møtt med den stormen som oppstod rundt dette tema- et. Det er klart, ein identifiserer seg med og speglar seg i sine prestekollegaer. Så når det kjem ein kvinneleg prest til som nyttilsett og nokon av kol- legaene seier at dei ikkje vil samarbeida, då er det i grunnen ganske provoserande, meiner ho.

– Det er ikkje berre provose- rande for oss som kollegaer. Det

var tydeleg at også kyrkjelyda- ne reagerte på det - og det er trass alt dei me er her for. Me er ikkje her i teneste for si eiga skuld. Og dersom ein skal opp- føra seg på ein slik måte at folk tek avstand frå oss, tenkjer eg at kvar og ein må gå litt i seg sjølv og tenkja over det.

Det er eit faktum at over 90 personar melde seg ut av kyrkja i Sogndal i løpet av nokre sein- sommar veker i fjor.

Klar tale frå toppen

Wenche Lie Lysne meiner kyr- kja må vera i ein kontekst og i ei tid som samsvarar med verda elles.

nche



IKKJE Lenger Åleine: Wenche Lie Lysne var lenge den einaste kvinnelege soknepresten i Sogn.



NATTVERD: Sonkeprest i Sogndal, Mikael Bruun (t.h) vil ikkje ta i mot nattverd frå eller dela gudstenestefellesskap med kvinnelege kollegaer. Her frå gudsteneste i Hauge kyrkje i Lærdal, der Gunnar Eldevik vart innsett i fjor haust. Tidlegare sokneprest Helene Langeland deltok i gudstenesta. Sidan det ikkje var Langeland som var hovudliturg her, gjekk Bruun og kollegaen hans, Benjamin Anda frå Vigra, til nattverd.



HISTORISK: I juni 2016 vart Wenche ordinert til prest av biskop Halvor Norhaug. Det skjedde i kyrkja i Vik. Anders Hove vart også ordinert denne dagen. Det er sjeldan at to frå Sogn vert ordinert på same dag.

FOTO: ANDRE



ATTENDE TIL KVARDAGEN: - Kvardagen som sokneprest er heilt uproblematisk med tanke på debatten rundt kvinnelege prestar. Me blir godt mottekne. Det er kollegasamarbeidet som blir råka, seier sokneprest Wenche Lie Lysne. Biletet er teke i samband med trusopplæring i Årdal i februar i fjor.

- Kyrkja må møte folk der dei er og håpa at dei tenkjer at dette er ein fin stad å vera i staden for å skremma dei vekk. Det er ofte gjennom dei store hendigane i livet at kyrkja er viktigast for folk, det er slik det er. Og det må me forholde oss til og ikkje driva og hakka på og diskriminera kvarandre. Om ikkje kyrkja alltid har gjort det, tok Jesus alltid den undertrykte sitt parti.

Reaksjonane førte til at kvinneprestmotstandane og den uskrivne tradisjonen kyrkja har hatt for å lata dei reservera seg mot samarbeid med kvinnelege kollegaer, vart eit tema

på Bispemøtet i oktober.

Der kom det klar tale frå preses Olav Fykse Tveit og dei andre biskopane om at dette ikkje er i tråd med Den norske kyrkja sine retningslinjer. Det vart likevel også sagt at det vart opp til den einskilde biskop å handtera slike problemstillingar.

- Me var spente på utfallet på Bispemøtet. Og det var vel og bra, det som vart sagt. Men likevel, det kjem attende til kvardagen. Og kvardagen som sokneprest er heilt uproblematisk i den samanhengen der. Det er kollegasamarbeidet som blir påverka, seier Lie Lysne.

Ho vil ikkje seia noko om

korleis vedtaket blir praktisert i Sogn prosti.

Ei vesentleg endring som likevel har skjedd, uavhengig av støyen rundt Mikael Bruun og hans syn på kvinnelege prestar, er at det no er tre kvinnelege prestar i Sogn prosti. Det er omtrent like mange som det er kvinneprestmotstandarar.

- Om me er komen noko vidare? Nei, me har vel snarare køyrt oss litt fast, trur eg. Men når det gjeld spørsmålet om kor vidt det er naudsynt med slike markeringar som 8. mars i 2021, er vel svaret ganske så klart og tydeleg.